



Årsmelding og rekneskap 2022



Årdal Energi Holding AS

Årsmelding frå styret

Selskapsform



År 2022 er det 89. driftsåret for Årdal Energi Holding AS, om ein legg stiftinga av Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning til grunn. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning vart organisert etter at løyvinga for linjebygging til Farnes vart vedteken i heradsstyre 24.02.1933. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning fekk driftsløyve (mellombels) den 27. september 1933 og har sidan hatt kontinuerleg drift i fleire selskapsformer og namn.

Dette elektrisitetsverket vart teke opp i L/L Årdal Kraftlag, som vart stifta 25.11.1945. L/L Årdal Kraftlag vart vidareført (ved oppkjøp) i Årdal Kommunale kraftforsyning, som vart skipa den 22.07.1954. Årdal Kommunale kraftforsyning skifta namn til Årdal Energiverk den 01.01.1989, og vart frå same dato organisert som ei kommunal verksemd.



Etter vedtak i kommunestyret den 24.03.1994 vart namnet endra til Årdal kommunale energiverk. I same vedtak vart Årdal kommunale energiverk gjort om til ei kommunal særverksemd under Årdal kommune med eige styre etter § 11 i kommunelova. Årdal kommunestyre gjorde den 14.06.2001 vedtak om å gjera selskapet om til kommunalt føretak (KF). Namnet vart då Årdal Energi KF frå og med 01.01.2002.

Etter nye krav i Energilova gjorde Årdal kommunestyre vedtak om omdanning av Årdal Energi KF til to selskap, Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS, gjeldande frå og med 1.juli 2019. Kommunen oppretta samstundes eit nytt selskap Årdal Energi Holding AS, som eig Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS.

Krav frå myndighetene om at det skal vere «vanntette skott» mellom nett- og straumselskapa, resulterte i namnebyttet på nettselskapet hausten 2021. Årdal Energi Nett AS skifta namn til Straumnett AS.


Konsernet Årdal Energi Holding AS består av Straumnett AS, Årdal Kraftlag AS, Sogn Miljøkraft AS og Årdalsnett AS. Årdal Energi Holding har også eigarinteresser i Seimsdal Kraft AS (34%) BlueTec Vest AS (23,65%) og Offerdal Kraftverk AS (10%)

Årdalsnett har eigarinteresser i Porten AS (28,2%) Sogn Kompetanse AS (38%) Sitep AS 7,5% og Fokab AS (3,7%)

Straumnett har eigarinteresser i Ren AS (0,2%) og Nettalliansen AS (2,4%)

Morselskapet Årdal Energi Holding AS held til saman med døtrene Årdal Kraftlag AS, Straumnett AS og Årdalsnett AS i Utladalsvegen 1, i Øvre Årdal.





Forretningsdrift

Årdal Energi Holding AS

Årdal Energi Holding skal forvalte Årdal Kommune sitt eigarskap. Selskapet skal vere ein pådrivar for å sikre og utvikle fornybar energi og infrastruktur til innbyggjarar og næringsliv i Årdal, samt vere kommunen sitt fagmiljø på dette. Saman med dotterselskapa skal Årdal Energi Holding vere ein attraktiv kompetanse-arbeidsplass i kommunen.



Årdal Kraftlag AS

Årdal Kraftlag har som målsetting å drive sal av konsesjonskraft på vegne av Årdal kommune med sikte på å skaffe innbyggjarar og næringsliv i Årdal kommune sikker straumlevering til konkurransedyktige prisar, samt å skape verdiar for Årdal kommune og lokalsamfunnet. Selskapet skal i tillegg levera entreprenørtenester og administrative tenester til energibransjen.

Straumnett AS

Konsesjonsområdet for Straumnett er Årdal kommune med sine ca. 5600 innbyggjarar. Selskapet driv eit monopol og forsyner tettstadane Årdalstangen og Øvre Årdal samt dalane Naddvik, Moadalen, Utladalen, Fardalen, Seimsdalen og Offerdalane. Selskapet får overført straum frå Hydro Aluminium sine anlegg i Øvre Årdal og på Årdalstangen.

Ved årsskifte er om lag 3600 kundar kopla til nettet, som består av:

- 150 km med 6 – 22 kV linjer og jordkablar
- 244 km med lågspennlinjer og jordkablar
- 4 sekundærstasjonar, 149 større og mindre transformatorar (nettstasjonar/kioskar)



Årdalsnett AS

Årdalsnett skal vere ein totalleverandør av breiband og TV-løysingar i Årdal, Lærdal, Aurland og Vang kommune. Årdalsnett skal vidareutvikle sine nettverk slik at alle kundane effektivt og enkelt kan samhandle seg i mellom, og at dei får ein brei, felles veg ut mot omverda.



Styret

Styret har i 2022 hatt følgjande samansetting:

Medlemar:

Egon Mogens Moen (styreleiar)

Kirsti Eklund (nestleiar)

Arild Hatlelid

Trude Gjermo Nessestrand

Stian Marius Bye

Stian Marius Bye er valt av og blant dei tilsette.

Kommentar til årsrekneskapen

ÅRDAL ENERGI HOLDING AS - NØKKELTAL KONSERN		
Lønnsomhetsanalyse - avkstning på kapital	2022	2021
Resultatgrad	36,18	13,37
Totalkapitalrentabilitet i %	28,36	8,68
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	45,93	12,90
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	37,46	10,22
Likviditet - evne til å betale gjeld ved forfall	2022	2021
Likviditetsgrad 1	2,51	1,40
Arbeidskapital	65 275 550	19 150 827
Arbeidskapital i prosent	39,03	14,45
Varelagerets omløpshastighet	83,97	67,23
Soliditet - bedrifta si evne til å tåle tap	2022	2021
Eigenkapitalandel i prosent	59,13	61,15
Eigenkapital av omsetning	84,39	94,68
Finansieringsgrad	0,68	0,88
Rentedekningsgrad i %	35,86	19,39
Gjeldsgrad	0,69	0,64
Resultat	2022	2021
Sum driftsinntekter	182 496 495	132 542 353
Sum driftskostnader	122 250 692	114 998 394
Netto finans	3 944 967	-732 918
Driftsresultat	60 245 803	17 543 959
Ordinært resultat før skattekostnad	64 190 770	16 811 041
Årsresultat	52 344 458	13 316 067

Konsern rekneskap for 2022 viser ei positiv utvikling og eit historisk godt resultat. Driftsinntekter har auka frå MNOK 132,5 i 2021 til MNOK 182,5 i 2022. Denne auken på MNOK 50,0 er i hovudsak knytta til auka kraftinntekter. Driftskostnader har auka frå MNOK 114,9 i 2021 til MNOK 122,2 i 2022. Dette gjev eit ordinært resultat før skatt på MNOK 64,2 i 2022 mot MNOK 16,8 i 2021. I 2022 vil Årdal Energi betale MNOK 12,1 i skatt, og vil gje eit årsresultatet i 2022 på MNOK 52,3.




Årdal Kraftlag AS

2022 har hatt historisk høge kraftprisar gjennom heile året. Marknadsprisen (NO5) hadde eit snitt på 192,65 øre/kWh mot 75,61 øre/kWh året før. Årdal Kraftlag sin snittpris over året har vore 69,72 øre/kWh (alle prisar her er utan mva og el.sert). Selskapet omsette totalt 125 000 MWh der 111 000 MWh er konsesjonskraft. Dette gav ein omsetning på MNOK 122,0 mot MNOK 73,9 året før. Auka sal og høgare prisar er godt synleg i omsetningsauke.

Auka kraftbehov utover konsesjonskraftmengde har også resultert i store mengder kjøp og sal av kraft på spot. Det vart kjøpt kraft på spot for MNOK 48,5, medan det vart solgt kraft på spot for MNOK 54,5. Årdal Kraftlag prissikra deler av denne krafta i 2. kvartal med god gevinst. I ein ustabil kraftmarknad må finansielle kontraktar også framover vurderast for å sikre forutsigbar handel.

Den store auken i omsetning resulterte i eit økonomisk tilfredsstillande år. Ordinært resultat før skattekostnad vart MNOK 50,3 mot MNOK 13,2 i 2021



Figuren viser områdeprisen for NO5 Bergen mot Årdal Kraftlag sin kraftpris for 2022. Prisane er eks. avgifter. Kilde: NordPool / Årdal Kraftlag

Straumnett AS

Vedteken inntektsramme for 2022 vart på MNOK 32,4, medan den varsla inntektsramme var på MNOK 25,2. Årsaka til auke skuldast endring av føresetnader på referanserente, KPI, KPI løn og kostnad på nettap.

Selskapet omsette for MNOK 46,4 mot MNOK 40,3 året før. Rekneskapen viser og ei meirinntekt på MNOK 0,852. I tillegg kjem ei etterregulering på mindreinntekt for tidlegare år på MNOK 0,798. Korrigert for renter, er den akkumulerte mindreinntekta på same nivå som IB; MNOK 2,0.

For å redusere sannsynligheita for auka nettleige grunna høge kraftprisar, har Statnett SF utbetalt flaskehalsinntekter. Straumnett mottok MNOK 7,3 i flaskehalsinntekter i 2022, basert på ei berekning av tapskostnader pr mnd frå januar til desember.

Straumnett har gjennom året også hatt stor fokus på kostnadsreduksjonar, redefinering av driftskostnader til investering, samt avskrivningstid for å betre resultatet og effektiviteten i selskapet.

Ordinært resultat før skattekostnad var MNOK 9,1 i 2022 mot MNOK 2,3 i 2021.

Trinn	Frå kW	Til kW
1	0	2
2	2	5
3	5	10
4	10	15
5	15	20
6	20	25
7	25	50
8	50	75
9	75	100
10	100	>

I juni innførte Straumnett ny prismodell på bakgrunn av at Olje- og energidepartementet vedtok ny nettleigemodell. Føremålet med den nye prismodellen er å legge til rette for best mogleg utnytting av nettet. Ved eit jamnare forbruk gjennom døgnet, vil behovet for kostbare oppgraderingar verte mindre. Nettselskap skal ikkje tene meir en tidlegare, men legg opp til at forbrukarane kan redusere kostnadar ved å bruka straumen smartare.

Ny nettleige består av to ledd:

Fastledd: Vert delt inn i trinn etter nytta effekt. Fastleddet vert fakturert ut frå gjennomsnittet av dei tre høgaste effektuttaka målt sist månad. Høgt effektuttak oppstår når ein gjere mange straumkrevjande oppgåver samstundes, som f.eks vaske klede, lade bilen og lage mat på same tid.

Energiledd: er prisa etter forbruk, men prisen vert differensiert etter kva tid på døgnet/året straumen vert nytta.


Årdalsnett AS

Årdalsnett si drift i 2022, speglar ei solid årleg gjentakande inntekt, der abonnementsinntekter er hovudkjelda. Utbygging av fiber gjennom fleire år, har danna grunnlag for fleire kundar. Årdalsnett omsette for MNOK 30,2 mot MNOK 28,6 året før.


Drifts- og varekost har auka samanlikna med året før, og Årdalsnett leverte eit ordinært resultat før skattekostnad på MNOK 1,9, same som for 2021.

Årdalsnett har dei siste åra hatt ein positiv kundevekst, og ved utgangen av året 2022 hadde Årdalsnett 3650 kundar.

Inntekter i MNOK



Driftsresultat i MNOK



Arbeidsområde gjennom året

Årdal Kraftlag AS

Årdal Kraftlag har gjennom året leia og administrert det pågåande strategiarbeidet for heile konsernet, der Årdal Energi blant anna skal ta ei meir aktiv rolle i utbygginga av fornybar kraft i Årdal.

Med voldsomme svingingar i kraftmarknaden, har det vore tett dialog mellom administrasjonen og styret om prissetting. Årdal Kraftlag har endra sin standard variable kraftpris seks gonger i 2022.

Offentlege styresmakter kjem stadig med nye krav til selskapa i konsernet. Mykje av dette arbeidet vert handsama av Årdal Kraftlag. Både bransjen og den digitale utviklinga er i rask endring, og Årdal Kraftlag har jobba med å førebu IT tekniske nye løysingar som kjem i 2023.

Straumnett AS

I løpet av 2022 har det blitt jobba med førebuing til ny forsyning til Seimdsalstunnelen. Her kjem to nye nettstasjonar. I tillegg vil dette bli reserveforsyning til Seimdsalen / Ofredalen. Det er også utført arbeid med ny 400V nettstasjon til verkstaden til O.O. Hæreid. På slutten av året starta arbeidet med ny 400V nettstasjon til Hydeq. Desse vil bli spenningsatt i løpet av 2023. I tillegg er det skifta høgspenning koplingsanlegg i nettstasjon som forsyner sjukeheimen på Årdalstangen

I sekundærstasjon K130 i Øvre har Straumnett skifta ut all programvare for styring av vern og fjernstyring. Det er eit arbeid som har kosta mykje, men gjer no at me kan drifte dette anlegget i mange år framover. I Veesblokkene er det delvis oppgradert med ny infrastruktur på 230 og 400 volt. Dette blir vidareført i 2023.

Det har og vore gjennomført samarbeidsprosjekt med Årdal Kommune og Årdalsnett i Rindevegen, deler av Torgvegen, Ivar Noreviksveg og Risevegen. Der er lågspenninganlegga lagt i bakken og forsterka til å møte auka effektuttak. Dette er også utført i øvste del av Sløbakken. Det har og vore naudsynt å forsterka i anlegga i Håkon 7. veg og litt av området i Håvardsvegen.

Det er etablert forsyning til nye elbil ladepunkt i Uravegen og Flotane burettslag. Det er og montert elbil ladepunkt i eigen carport.

Arbeidet med å oppgradera Fardalslinja har og halde fram i 2022. Det er montert OPGW for å auka dimensjon på jordingsanlegga, samt auka persontryggleiken. Det er og montert to nye mastepunkt.

Det var havari på axis linja som forsyner austre del av Torholmen, så her er innkjøpt ny hengekabel. Straumnett har demontert byggestraumanlegget til Hydro som blei montert for å rusta opp gamle røyrgata til Holsbru kraftverk.

Gjennom innovasjonsprosjekt med Nettalliansen har Straumnett kontrollert og skanna nær 1000 tre-stolpar, og fått ein god dokumentasjon over tilstanden på desse.

Saman med Årdal Kommune er det bytta ut eldre lysarmaturar til led, samt utført vedlikehald på deler av veglysanlegga til Årdal Kommune.

Straumnett har ein del sjøkablar, og ved alle desse landtaka kor sjøkablane går i land er fareskilta bytta ut til ny standard.

Årdalsnett AS

2022 var eit år med til dels store endringar i Årdalsnett AS. I året der korona skulle sleppe taket, ja så starta det nye året med utbrot og nedstenging. Dette har påverka organisasjonen og samfunnet i stor grad, men det har på mange måtar gjort breiband og fiber langt meir naudsynt. Koronapandemien har hatt stor innverknad på tilgangen til godt breiband. Ettersom fleire menneske har vorte nøydde til å jobbe heimanfrå, gå på skule på nett og halde sosial kontakt gjennom digitale plattformer, har etterspurnaden etter høgkvalitets breiband auka kraftig.

I 2022 bygde Årdalsnett fiber til Fardalen, og når dette var slutført har alle innbyggjarane i Årdal kommune tilgang på fiber. Årdal kommune er ein av få kommunar i Noreg som har 100% dekning på fiber, og dette er noko Årdalsnett er stolt over.

Satsinga på breiband stoppar ikkje der og satsingsområdet vårt i 2022 og framover er Tyin/Filefjell-områda og planane for dette. Det vil vere viktig for Årdalsnett sin vekst å bidra til å betre infrastrukturen på fjellet.

Helse, miljø og tryggeik (HMS)

Sjukefråvèret i Årdal Kraftlag i 2022 var på korttid 0,37 % og langtid 15,75 %.

Straumnett sitt sjukefråvèr var på korttid 0,48 % og langtid 1,24 %. Årdalsnett sitt sjukefråvèr var på korttid 0,98 % og langtid 1,13 %.

Alle selskapa i Årdal Energi Holding er sjølvstendige medlemar i Bedriftshelse1. Helsekontrollar vert gjennomført kvart 3. år, og Bedriftshelse1 bistår elles med tenester innan arbeidshelse, ergonomi, psykisk arbeidsmiljø og systematisk HMS-arbeid.

Straumnett, Årdal Kraftlag og Årdalsnett har også eigne avtalar med det lokale treningssenteret for å påverke til god fysisk helse.

Årdal Energi Holding gjennomfører personalmøter for alle selskap i konsernet der HMS står først på agendaen. Det er gjennomført førstehjelpskurs for alle tilsette. Straumnett og Årdalsnett har i tillegg gjennomført lovpålagde kurs i firing av skadd person ned frå stolpe og kurs i tryggleik ved arbeid i og drift av elektriske anlegg (FSE).

Alle selskapa i Årdal Energi Holding har eigne system for registrering og oppfølging av avvik og forbedringsforslag. I 2022 har det ikkje vore rapportert alvorlege arbeidsuhell eller ulykker som er forårsaka av rutinesvikt eller brot på sikringstiltak. Det er heller ikkje rapportert utslepp av miljøfarleg avfall som påverkar det ytre miljøet.

Selskapa er med i den kommunale renovasjonsordninga, og har ein eigen avtale med eit lokalt firma for handtering av jern/metall og anna brennbart avfall.

Årdal Energi Holding AS har styreansvar forsikring som sikrar dagleg leiar og styremedlemar for alle selskap i konsernet.



Openheitslova

Eigenerklæring om openheit og informasjon om Årdal Energi Holding AS, kan ein finne på selskapet si nettside.

Likestilling

Straumnett, Årdal Kraftlag og Årdalsnett har 4 kvinner og 25 menn tilsett ved utgangen av 2022. Verksemda har som målsetjing å ha ein arbeidsstokk og eit avtaleverk som sikrar likestilling. Lokalitetane er godt tilpassa begge kjønn. Styret i Årdal Energi Holding, Straumnett og Årdal Kraftlag har 2 kvinner og 3 menn. Styret i Årdalsnett har 1 kvinne og 3 menn.

Framtidig utvikling

Årdal Energi Holding AS

Årdal Energi Holding er ein viktig aktør for næringslivet i Årdal Kommune. Selskapet sin ambisjon er å bidra til ei meir berekraftig framtid ved leveranse av gjennom våre

kjerneområde og forretningspraksis. Styret har i løpet av 2022 gjennomført eit omfattande strategiarbeid som er ei retningsssnor for den vidare utviklinga av konsernet.

Årdal Kraftlag AS

Årdal Kraftlag skal vere Årdalssamfunnet sitt eige kraftselskap. Målet er å vera den føretrekte leverandøren av kraft til både husstandar og næringsliv i Årdal Kommune. For å forvalte konsesjonskrafta på ein god måte, er det viktig at det blir jobba med å sikre tilstrekkeleg kraft til husstandar og næringsliv til konkurransedyktige prisar.

Årdal Kraftlag må tilpassa seg marknaden ved å vurdere fleire og nye tariffar. Etter kvart må ein også vurdere nye marknadsområde for selskapet. Dette vil krevje endring i organisering, roller og oppgåver.

Selskapet skal halda fram med prisar som konkurrerer med marknaden og gjev gode vilkår for industrien. Det er viktig å følgja med på prisutviklinga på spottmarknaden og prissikre kjøp av kraft for å kunne halde gode marknadsprisar.

Det må også jobbast meir med å utvikle fleire og betre informasjonskanalar som gjer at Årdal Kraftlag kan kommunisere løpande med kundane sine på ein gode måte. Det er for neste år budsjettert med nye ressursar i selskapet som skal ha fokus på dette.

Både bransjen og den digitale utviklinga er i rask endring. Her er det viktig å fortsette arbeidet med å til ei kvar tid ha gode IT tekniske løysingar som sikrar god flyt og effektivitet i det administrative arbeidet for heile konsernet. Gjennom Straumnett sitt medlemskap i Nettalliansen, vil Årdal Kraftlag og resten av konsernet starte opp med viktige fornyingar innan Kundeinformasjonssystem og ERP system neste år.

Straumnett AS

Straumforsyning er kritisk infrastruktur for samfunnet og forsyningssikkerheit er avgjerande for våre kundar. Straumnett har som oppgåve å bygge driftssikre fordelingsnett som syter for færre og kortare avbrot til det beste for alle våre kundar, og dette er noko Straumnett jobbar med kvar dag.

Straumnett skal vidare ha ein sunn og god økonomi, som gjev rett pris til kundane våre. Nettselskapet merkar godt ei strammare regulering frå NVE/RME, og ein stor vilje til konsolidering. Dei store selskapa set malen for effektivitet, noko som allereie er vorte utfordrande for mindre nettselskap. Straumnett må sjå på tiltak for å auka effektiviteten. Det er elles viktig å sjå på ytterlegare kostnadsreducerande tiltak.

Årdalsnett AS

Fiber er kritisk infrastruktur for samfunnet, og dette vart spesielt merkbart i Covid perioden.

Det er viktig at alle hus har nettilgang, slik at dei kan både jobbe og vere sosiale gjennom internett. Årdalsnett har teke samfunnsansvaret sitt med utbyggingar, og Årdal kommune er ein av få kommunar i landet med 100% breibands dekning til innbyggjarane.

Årdalsnett skal fortsetta utviklinga av fibernetta og gje private og bedrifter gode, driftssikre og kvalitets tenester i framtida. Konkurransen mot store selskap blir tydlegare for kvart år, og Årdalsnett som ein liten lokal aktør, må gjera smarte og gode investeringar i nettet.

Selskapet bør halda fram med prisar som konkurrerer med marknaden og samstundes gjev gode vilkår for kundane.

Disponeringar

Årsresultatet i Årdal Energi Holding AS var på NOK .

Styret føreslår at årsresultatet vert disponert slik (NOK):

Disponering av årets resultat Årdal Energi Holding AS

Tilleggsutbytte 4.600.000 NOK

Ordinært utbytte 15.000.000 NOK

Avsett til minoritet 331.257 NOK

Avsett til anna eigenkapital 32.413.201 NOK

Sum disponert 52.344.458 NOK

Fortsatt drift

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av selskapet sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a blir det stadfesta at føresetnadene om framleis drift er til stades. Til grunn for dette ligg resultatprognosar for 2023 og selskapet sine langsiktige strategiske planar for åra framover. Selskapet er i ei sunn økonomisk og finansiell stilling.


Egon Mogens Moen
styreleiar

Kirsti Eklund
styremedlem

Øvre Årdal, 25. april 2023
Styret i Årdal Energi Holding AS


Jan Stian Smedegård
dagleg leiar

Stian Marius Bye
styremedlem


Trude Gjermo Nessestrand
styremedlem

Arild Hatlelid
styremedlem




Foto: Ruth Marit Saur

Resultatregneskap

Årdal Energi Holding AS

Morselskap		Konsern			
2021	2022		Note	2022	2021
		Driftsinntekter og driftskostnader			
		Driftsinntekter			
0	0	Kraftsal sluttbrukar	2	108 817 949	66 023 783
0	0	Overføringsinntekt	2,4	41 386 334	33 342 155
0	0	Abonnementsinntekt	2	28 329 561	25 600 582
0	0	Anna driftsinntekt	2	3 962 651	7 575 833
<u>0</u>	<u>0</u>	Sum driftsinntekter		<u>182 496 495</u>	<u>132 542 353</u>
		Driftskostnader			
0	0	Kjøp av kraft, overføringstenester, varer	3	80 621 833	68 781 007
107 203	423 607	Lønnskostnad	5	18 386 791	22 564 383
0	0	Avskrivning	8,9	8 081 174	7 890 324
0	0	Nedskrivning		0	0
531 223	1 108 603	Annan driftskostnad	5	15 160 894	15 762 680
<u>638 426</u>	<u>1 532 210</u>	Sum driftskostnader		<u>122 250 692</u>	<u>114 998 394</u>
<u>-638 426</u>	<u>-1 532 210</u>	Driftsresultat		<u>60 245 803</u>	<u>17 543 959</u>
		Finansinntekter og finanskostnader			
55 529 656	42 677 377	Andre finansinntekter	6	5 786 189	181 413
37 745 723	87 852	Andre finanskostnader	6	1 841 222	914 331
<u>17 783 933</u>	<u>42 589 525</u>	Resultat av finanspostar		<u>3 944 967</u>	<u>-732 918</u>
<u>17 145 507</u>	<u>41 057 315</u>	Ordinært resultat før skattekostnad		<u>64 190 770</u>	<u>16 811 041</u>
167 665	26 921	Skattekostnad på ordinært resultat	7	11 846 312	3 494 974
<u>16 977 842</u>	<u>41 030 394</u>	Årsresultat		<u>52 344 458</u>	<u>13 316 067</u>
		Minoriteten sin andel av resultatet		331 257	260 621
		Majoriteten sin andel av resultatet		52 013 201	13 055 446
		Overføringar			
20 000 000	4 600 000	Tilleggsutbytte	12	4 600 000	2 000 000
2 000 000	15 000 000	Ordinært utbytte	12	15 000 000	20 000 000
0	0	Avsett til minoritet	12	331 257	260 621
-5 022 158	21 430 394	Avsett til annan egenkapital	12	32 413 201	-8 944 554
<u>16 977 842</u>	<u>41 030 394</u>	Sum disponert		<u>52 344 458</u>	<u>13 316 067</u>

Balanse

Årdal Energi Holding AS

Morselskap		Konsern			
2021	2022	Eigedelar	Note	2022	2021
		Anleggsmiddel			
		Immaterielle eigedelar			
0	0	Utsett skattefordel	7	1 568 496	553 251
0	0	Goodwill	8	171 687	358 983
<u>0</u>	<u>0</u>	Sum immaterielle eigedelar		<u>1 740 183</u>	<u>912 234</u>
		Varige driftsmiddel			
0	0	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	9,13	8 009 167	7 856 152
0	0	Anlegg under utføring	9,13	1 395 094	2 504 925
0	0	Overføringsanlegg, linjer, infrastruktur	9,13	115 874 099	111 106 308
0	0	Transportmidlar og maskiner	9	3 237 295	3 489 480
0	0	Driftsutstyr og inventar	9,13	3 887 700	4 833 300
<u>0</u>	<u>0</u>	Sum varige driftsmiddel		<u>132 403 355</u>	<u>129 790 165</u>
		Finansielle anleggsmiddel			
65 705 237	77 078 137	Investeringar i dotterselskap	10	0	0
1 002 606	1 857 606	Investeringar i tilknytt selskap	10	3 165 117	3 295 223
2 710 400	2 710 400	Investeringar i aksjar og partar	10	2 912 400	2 912 400
0	0	Andre langsiktige krav		1 724 606	1 576 292
<u>69 418 243</u>	<u>81 646 143</u>	Sum finansielle anleggsmiddel		<u>7 802 123</u>	<u>7 783 915</u>
<u>69 418 243</u>	<u>81 646 143</u>	Sum anleggsmiddel		<u>141 945 661</u>	<u>138 486 314</u>
		Omløpsmiddel			
0	0	Varer		960 097	1 023 104
		Krav			
0	0	Kundekrav	13	38 034 491	37 887 877
55 427 356	55 378 186	Andre kortsiktige krav	4,7	9 802 956	4 244 528
<u>55 427 356</u>	<u>55 378 186</u>	Sum krav		<u>47 837 447</u>	<u>42 132 405</u>
482 836	11 237 955	Bankinnskot, kontantar og liknande	15	69 728 686	23 578 505
<u>55 910 192</u>	<u>66 616 141</u>	Sum omløpsmiddel		<u>118 526 230</u>	<u>66 734 014</u>
<u>125 328 435</u>	<u>148 262 284</u>	Sum eigedelar		<u>260 471 891</u>	<u>205 220 328</u>

Balanse

Årdal Energi Holding AS

Morselskap		Konsern			
2021	2022	Eigenkapital og gjeld	Note	2022	2021
		Eigenkapital			
		Innskoten eigenkapital			
29 000 000	29 000 000	Aksjekapital	11,12	29 000 000	29 000 000
74 478 768	74 478 768	Overkurs	11,12	74 478 768	74 478 768
<u>103 478 768</u>	<u>103 478 768</u>	Sum innskoten eigenkapital		<u>103 478 768</u>	<u>103 478 768</u>
		Opptent eigenkapital			
0	0	Annan eigenkapital	12	38 930 503	10 742 970
-2 170 253	19 260 141	Udekt tap	12	0	0
<u>-2 170 253</u>	<u>19 260 141</u>	Sum opptent eigenkapital		<u>38 930 503</u>	<u>10 742 970</u>
0	0	Minoritetsinteresser	12	11 599 060	11 274 809
<u>101 308 515</u>	<u>122 738 909</u>	Sum eigenkapital		<u>154 008 331</u>	<u>125 496 547</u>
		Gjeld			
		Avsetning for forpliktingar			
0	26 921	Utsett skatt		0	0
0	0	Pensjonsforpliktingar		5 948 118	0
<u>0</u>	<u>26 921</u>	Sum avsetning for forpliktingar		<u>5 948 118</u>	<u>0</u>
0	0	Anna langsiktig gjeld			
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	13	43 212 880	22 140 594
0	0	Anna langsiktig gjeld		10 000 000	10 000 000
<u>0</u>	<u>0</u>	Sum anna langsiktig gjeld		<u>53 212 880</u>	<u>32 140 594</u>
		Kortsiktig gjeld			
3 000	0	Leverandørgjeld	3,14	7 384 888	13 280 669
0	0	Betalbar skatt	7	12 617 054	2 731 764
11 920	21 954	Skyldige offentlege avgifter		9 703 599	8 742 273
20 000 000	15 000 000	Utbytte		15 000 000	20 000 000
4 005 000	10 474 500	Anna kortsiktig gjeld	14	2 597 024	2 828 481
<u>24 019 919</u>	<u>25 496 454</u>	Sum kortsiktig gjeld		<u>47 302 565</u>	<u>47 583 187</u>
<u>24 019 919</u>	<u>25 523 375</u>	Sum gjeld		<u>106 463 563</u>	<u>79 723 781</u>
<u>125 328 434</u>	<u>148 262 284</u>	Sum eigenkapital og gjeld		<u>260 471 891</u>	<u>205 220 328</u>

Øvre Årdal, 25. april 2023
Styret i Årdal Energi Holding AS


Egon Mogens Moen
styreleiar


Kirsti Eklund
styremedlem


Jan Stian Smedegård
dagleg leiar


Stian Marius Bye
styremedlem


Trude Gjerme Nessestrand
styremedlem


Arild Hatlelid
styremedlem

Indirekte kontantstrøm

Årdal Energi Holding AS

Morselskap			Konsern	
2021	2022	Note	2022	2021
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter:				
17 145 507	41 057 315		64 190 770	16 811 041
-55 427 356	-36 299 186	10	0	0
-101 975	-6 118 500	10	-4 524 882	-68 158
0	0	7	-2 731 764	-453 000
0	0	8,9	8 081 174	7 890 324
0	0	9	-106 229	74 989
0	0		63 007	-459 791
0	0	13	-146 614	-18 387 846
3 000	-3 000	3,14	-5 895 781	-5 528 895
2 920 565	42 827 890		-4 976 079	6 282 754
<u>2 283 272</u>	<u>41 464 519</u>		<u>53 953 603</u>	<u>6 161 418</u>
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter:				
0	0	9	349 768	3 316 968
0	0	9	-10 700 226	-10 542 998
101 975	6 118 500	10	6 118 500	101 975
0	-12 227 900	10	0	0
<u>101 975</u>	<u>-6 109 400</u>		<u>-4 231 958</u>	<u>-7 124 056</u>
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter:				
0	0	13	24 400 000	0
0	0	13	-3 228 562	-9 200 073
-2 000 000	-24 600 000	12	-24 600 000	-2 000 000
<u>-2 000 000</u>	<u>-24 600 000</u>		<u>-3 428 562</u>	<u>-11 200 073</u>
385 247	10 755 119		46 293 083	-12 162 710
97 589	482 836		23 578 505	35 741 215
<u>482 836</u>	<u>11 237 955</u>		<u>69 871 588</u>	<u>23 578 505</u>

Notar til rekneskapen 2022

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge.

Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfattar Årdal Energi Holding AS med dotterselskap. Konsernrekneskapen er utarbeida som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskapen er utarbeida etter einsarta prinsipp ved at dotterselskapa følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Aksjar i dotterselskap er eliminert i konsernrekneskapen etter oppkjøpsmetoden. Dette betyr at det oppkjøpte selskapet sine eigarar og gjeld vert vurdert til verkeleg verdi på kjøpstidspunktet, og eventuell meirpris ut over dette vert klassifisert som goodwill. Tilknytt selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. I konsernrekneskapen er andel av resultat ført som finansinntekt og lagt til balanseført verdi og eigenkapital (eigenkapitalmetoden).

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Det blir tatt utgangspunkt i resultat før skatt og presentert kontantstraumar frå ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansierings-aktivitetar.

Estimat

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leiinga nyttar skjønn.

Salsinntekter

Inntekter ved sal av varer og tenester blir vurdert til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar, rabattar og andre avslag. Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på tidspunktet for levering.

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) regulerer nettselskapa si overføringsverksemd (monopolverksemd) gjennom å fastsette inntektsramme etter kvart reguleringsår. Inntektsramma med tillegg for kostnader til overliggende nett blir lagt til grunn for utrekning av tariffane. Ved endring i overført volum eller inntektsramma som ligg til grunn for tariffane vil det kunne oppstå ei meir-/mindreinntekt, som blir ført over driftsresultatet og bokført i balansen som gjeld eller fordring mot kundane. Meir-/mindreinntekta blir innkalkulert i tariffutrekningane for seinare år etter bestemte retningslinjer frå NVE.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigarar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmiddel blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Fordringar blir klassifisert som omløpsmidlar viss dei skal tilbake-betalast innan eit år.

For gjeld er analoge kriterie lagt til grunn. Avdrag første år på langsiktige fordringar og langsiktig gjeld er likevel ikkje klassifisert som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld. Enkelte postar er vurderte etter andre reglar. Postane det gjeld vil vere mellom dei som er omtala i avsnitta under.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som er kjøpt enkeltvis, er balanseført til kjøpskost. Immaterielle eigedelar overtatt ved kjøp av verksemd, er balanseført til kjøpskost når kriteria for balanseføring er oppfylt. Immaterielle eigedelar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Immaterielle eigedelar vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom dei forventa økonomiske fordelane ikkje dekkjer balanseført verdi og eventuelle gjenstående tilverksutgifter.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir balanseført og avskrive lineært over den forventa utnyttbare levetida. Ved endring i avskrivingsplan blir verknaden fordelt over gjenverande avskrivningstid ("knekkpunktmetoden"). Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført løpande. Påkostningar eller utbetringar blir lagt til kostprisen til driftsmiddelet og avskrive i takt med driftsmiddelet. Skillet mellom vedlikehald og påkostning/utbetring blir rekna i forhold til den stand driftsmiddelet var i ved kjøp. Anleggstilskot til investeringar går til frådrag på aktiverte verdiar og blir dermed periodisert over investeringa si økonomiske levetid i form av reduserte avskrivningar. Tomtar blir ikkje avskrivne. Utgifter til leige av driftsmidlar blir kostnadsført. Forskotsbetalingar blir balanseført som forskotsbetalt kostnad og fordelt over leigeperioden.

Notar til rekneskapen 2022

Investeringar i andre selskap

Investeringar i aksjar er balanseført til kjøpskost. Mottatte utdelingar blir resultatført som inntekt. Utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap blir tatt til inntekt i det same året som dotterselskapet avset beløpet. Utbytte frå andre selskap blir tatt til inntekt når utbyttet er vedteke.

Nedskriving av anleggsmidlar

Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi, blir det gjort test for verdifall. Testen blir gjort for det lågaste nivået av anleggsmidlar som har sjølvstendige kontantstraumar. Viss balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og gjenvinnbart beløp, blir det føreteke nedskriving til det høgaste av salsverdi og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi. Bruksverdi er noverdi av framtidige kontantstraumar knytt til eigedelen. Tidlegare nedskrivingar, med unntak for nedskriving av goodwill, blir reversert viss grunnlaget for nedskrivinga ikkje lengre er til stades.

Varer

Lager av innkjøpte varer er vurdert til det lågaste av kjøpskost og netto salsverdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjennomført på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjennomført ei uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar som er finansierte over drifta (ytingsbaserte pensjonsordningar), blir vurderte til noverdien av dei framtidige pensjonsyttingane som i rekneskapen blir rekna for å vere tente opp på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi. Pensjonsordningar som er finansierte via sikra ordningar, er ikkje balanseførte. Pensjonspremien blir i desse tilfella rekna som pensjonskostnad og klassifisert saman med lønskostnader.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir rekna ut etter lineær opptening, basert på føresetnader om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnader frå aktuar om døying, frivillig avgang osv. Ved estimatavvik blir det brukt ei korridorløsning. Estimataavvik som overstig 10 % av det høgste av forplikting og verdiar, blir amortisert over gjennomsnittleg oppteningstid. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen. Ved rekneskapsføring av pensjon er det lagt til grunn lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag

Skatt

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoførte.

Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er begrunna i antatt framtidig inntening. Utsett skattefordel som kan balanseførast og utsett skatt er oppført netto i balansen.

Notar til rekneskapen 2022

Note 2 Driftsinntekter

Morselskap		Per verksemdsområde:	Konsern	
2021	2022		2022	2021
0	0	Kraftsal sluttbrukar	108 817 949	66 023 783
0	0	Overføringsinntekt	41 386 334	33 342 155
0	0	Abonnementsinntekt	28 329 561	25 600 582
0	0	Sal av entreprenørtenester	4 724 061	7 388 565
0	0	Anna driftsinntekt	-761 410	187 268
0	0	Sum	182 496 495	132 542 353

Note 3 Varekostnader

Morselskap		Per verksemdsområde:	Konsern	
2021	2022		2022	2021
0	0	Kjøp av kraft	63 351 048	51 998 580
0	0	Kjøp av overføringstenester	6 964 389	6 860 443
0	0	Varekjøp	10 306 396	9 921 984
0	0	Sum	80 621 833	68 781 007

Notar til rekneskapen 2022

Note 4 Monopolverksemd

Konsernet si nettverksemd (monopolverksemd) ligg i dotterselskapet Straumnett AS. Denne delen av verksemda er regulert og kontrollert av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Monopolverksemda er geografisk avgrensa til selskapet sitt forsyningsområde i samsvar med områdekonsesjon.

Inntektsramma er fastsett av NVE og blir oppdatert årleg. Vedtak hos NVE tek omsyn til selskapet sine kostnader, kostnadsnorm (samanlikning med referanseselskap) og nettkapital basert på referanserente, inflasjon og referansepris på kraft. I samsvar med presentasjonskrav frå NVE viser vi rekneskapsinformasjon for nettverksemda:

Resultat frå verksemda:	2022	2021
Nettinntekter	40 101 184	32 903 927
Andre driftsinntekter	263 000	168 000
Sum driftsinntekter	40 364 184	33 071 927
Kjøp av overføringstenester	6 964 389	6 859 782
Andre driftskostnader	16 770 000	21 793 000
Tapskostnad	8 442 000	3 454 964
Sum driftskostnader	32 176 389	32 107 746
Driftsresultat	8 187 794	964 181
Bokført verdi anleggsmidlar:		
Pr 01.01.	74 055 000	72 570 000
Pr 31.12.	80 612 000	74 055 000
Gj.snitt driftsmidlar	77 333 500	73 312 500
+ 1 % påslag for netto arbeidskapital	773 000	733 000
Avkastningsgrunnlag	78 106 500	74 045 500
Avkastning i %	10,48 %	1,30 %
Meir-/mindreinntekt:		
Inntektsramme	32 412 000	26 389 000
Kostnader andre nett	6 964 000	6 860 000
Tillegg for kapital	408 000	-388 000
Forsking og utvikling	241 000	0
Kilekostnader	-164 000	-197 000
ELHUB-gebyr	241 000	240 000
Sum tillate nettinntekt	40 102 000	32 904 000
Faktisk inntekt	40 953 000	33 495 000
Meirinntekt	852 000	591 000
Akkumulert meir-/mindreinntekt per 31.12:		
Meir-/mindreinntekt per 01.01.	-2 010 000	-2 413 000
Etterregulering av inntekt frå tidlegare år	-798 000	-170 000
Meir-/mindreinntekt per 01.01. (ny saldo)	-2 808 000	-2 583 000
Meirinntekt	852 000	591 000
Akkumulert meir-/mindreinntekt per 31.12.	-1 956 000	-1 992 000
Renter av meir-/mindreinntekt	-56 000	-18 000
Netto meir-/mindreinntekt per 31.12.	-2 012 000	-2 010 000

Notar til rekneskapen 2022

Note 5 Lønnskostnader, tal tilsette, godtgjeringar, lån til tilsette mm

Morselskap		Lønnskostnad:	Konsern	
2021	2022		2022	2021
96 936	383 009	Lønn	19 877 613	19 982 282
10 267	40 599	Arbeidsgjevaravgift	2 277 172	2 540 237
0	0	Pensjonskostnader	846 765	3 658 122
0	0	Andre personalkostnader	490 449	80 007
107 203	423 608	Sum	23 491 999	26 260 648
0	0	Aktiverte personalkostnader	5 105 207	3 696 265
107 203	423 608	Netto lønnskostnad	18 386 791	22 564 383
0	0	Tal årsverk	27	27

Ytingar til leiande personar:

Morselskap	Dagleg leiar	Styret
Løn	0	383 009
Anna godtgjerse	0	0
Sum	0	383 009

Konsern	Løn	Anna godtgjerse
Styret i Årdal Energi Holding AS	383 009	0
Dagleg leiar Årdal Kraftlag AS, Straumnett AS og Årdal Energi Holding AS	784 943	2 876
Dagleg leiar Årdalsnett AS	566 552	77 643
Styret i Årdalsnett AS	175 644	
Sum	1 910 148	80 519

Obligatorisk tenestepensjon:

Selskapa er forplikta til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane i selskapet og konsernet oppfyller krava i denne lova.

Revisor:

Morselskap		Godtgjersle til revisor fordeler seg slik (eks mva):	Konsern	
2021	2022		2022	2021
50 000	55 000	Revisjon og revisjonsrelaterte tenester	268 000	241 000
30 000	56 250	Andre tenester	275 575	126 350
80 000	111 250	Sum	543 575	367 350

Notar til rekneskapen 2022

Note 6 Finanspostar

Morselskap			Konsern	
2021	2022		2022	2021
		Finansinntekter:		
5 807 856	1 299 186	Konsernbidrag frå datterselskap	0	0
49 619 500	35 000 000	Utbytter frå datterselskap	0	0
101 975	6 118 500	Inntekt frå investering i tilknytt selskap	4 667 389	68 158
325	259 691	Renteinntekt	1 062 800	52 274
0	0	Anna finansinntekt	56 000	60 981
55 529 656	42 677 377	Sum	5 786 189	181 413

Morselskap			Konsern	
2021	2022		2022	2021
		Finanskostnader:		
37 743 531	0	Nedskrivningar av finansielle egedelar	0	0
2 192	87 852	Rentekostnad	1 372 683	733 661
0	0	Annan finanskostnad	468 539	180 670
37 745 723	87 852	Sum	1 841 222	914 331

Notar til rekneskapen 2022

Note 7 Skatt

Morselskap		Skattekostnad:	Konsern	
2021	2022		2022	2021
0	0	Betalbar skatt	13 147 379	3 360 698
0	0	Resultatført skatt av ytt konsernbidrag	-285 821	-307 856
167 665	26 921	Endring utsett skatt	-1 015 246	442 133
167 665	26 921	Sum skattekostnad	11 846 312	3 494 975

Morselskap		Skattepliktig inntekt:	Konsern	
2021	2022		2022	2021
17 145 507	41 057 315	Ordinært resultat før skatt	64 047 863	16 811 041
-16 383 394	-41 057 315	Permanente skilnader	-10 680 752	-559 607
0	0	Endring i mellombelse skilnader	5 415 144	-181 629
-762 113	0	Anvendt underskot til framføring	0	-2 193 252
0	0	Sum skattepliktig inntekt	58 782 255	13 876 553

Morselskap		Betalbar skatt i balansen:	Konsern	
2021	2022		2022	2021
167 665	0	Betalbar skatt på årets resultat	12 932 096	3 052 842
0	0	Tilskot skattefunn	-463 838	-493 129
-167 665	0	Betalbar skatt på tilbakeført underskot	0	0
0	0	Sum betalbar skatt	12 468 258	2 559 713

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gitt opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader:

Morselskap			Konsern	
2021	2022		2022	2021
0	0	Goodwill	171 687	358 983
0	0	Varige driftsmidler	-3 367 144	-4 055 755
0	0	Fordringar	1 856 253	1 883 210
0	0	Gevinst- og tapskonto	35 427	44 285
0	122 370	Pensjonspremie og andre forpliktingar	-5 948 118	
0	122 370	Aksjar og andre verdipapir	122 370	-745 500
0	122 370	Sum	-7 129 524	-2 514 777
0	0	Underskot til framføring	0	0
0	122 370	Grunnlag for utsett skatt (skattefordel)	-7 129 524	-2 514 777
0	26 921	Utsett skatt (skattefordel)	-1 568 496	-553 250

Notar til rekneskapen 2022

Note 8 Immaterielle egedelar med avgrensa økonomisk levetid

Konsern

	Goodwill
Kostpris 01.01.2022	936 476
Tilgang kjøpte driftsmidler	0
Avgang	0
Kostpris 31.12.2022	936 476
Akkumulerte av-/nedskrivningar 01.01.2022	577 493
Akkumulerte av-/nedskrivningar på avgang	0
Ordinære avskrivningar	187 295
Årets nedskrivningar	0
Akkumulerte av-/nedskrivningar 31.12.2022	764 788
Bokført verdi 31.12.2022	171 688
Økonomisk levetid	5 år
Avskrivningsplan	Lineær

Note 9 Varige driftsmidler

	Tomtar og bygningar	Infra- struktur	Transport- midlar og inventar mv	Anlegg under utføring	Sum
Kostpris 01.01.2022	14 947 860	225 153 592	31 349 270	2 774 343	274 225 065
Tilgangar	483 815	10 180 215	1 000 981	-1 379 249	10 285 762
Tilgang anlegg under utføring	0	0	0		0
Avgangar	0	1 400 176	570 985	0	1 971 161
Kostpris 31.12.2022	15 431 675	233 933 631	31 779 266	1 395 094	282 539 666
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2022	7 091 708	113 432 586	22 997 089	0	143 521 383
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2022	0	614 700	29 400	0	644 100
Akkumulerte avskrivningar på avgangar	0	1 390 672	474 214	0	1 864 886
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2022	7 422 508	117 444 831	24 624 870	0	149 492 209
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2022	0	614 700	29 400	0	644 100
Bokført verdi 31.12.2022	8 009 168	115 874 102	7 124 995	1 395 094	132 403 355
Avskrivningar i år	330 800	5 323 686	2 239 393	0	7 893 879
Nedskrivningar i år	0	0	0	0	0
Økonomisk levetid	40-50 år	30-60 år	3-20 år		
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær		

Tomtar og anlegg under utføring blir ikkje avskrive.

Notar til rekneskapen 2022

Note 10 Investeringar i aksjar og andelar

Verksemdsoversikt pr 31.12.2022

Selskap:		Forretningskontor	Anskaffingsår	Konsolidert
Årdal Kraftlag AS	Dotter	Øvre Årdal	2019	Ja
Straumnett AS	Dotter	Øvre Årdal	2019	Ja
Årdalsnett AS	Dotter	Øvre Årdal	2001	Ja
-- Sogn Kompetanse AS	Tilknytt	Øvre Årdal	2022	Nei
-- Porten AS		Øvre Årdal	1996	Nei
Seimsdal Kraft AS	Tilknytt	Årdalstangen	2005	Nei
Bluetec Vest AS	Tilknytt	Årdalstangen	2020	Nei
Sogn Miljøkraft AS	Dotter	Årdalstangen	2022	Ja
Offerdal Kraftverk AS		Vik i Sogn	2006	Nei

Selskap:	Eigar- og stemmeandel	Eigenkapital	Årsresultat	Bokført verdi
Årdal Kraftlag AS	100,0 %	20 280 486	40 461 521	22 705 237
Straumnett AS	100,0 %	49 247 501	7 093 128	43 000 000
Årdalsnett AS	66,0 %	35 496 609	1 595 613	9 619 500
-- Sogn Kompetanse AS	23,9 %			
-- Porten AS	18,1 %	-516 175	-671 484	
Seimsdal Kraft AS	34,0 %	7 967 696	13 679 841	1 857 606
Bluetec Vest AS	23,0 %	481 987	-1 164 042	0
Sogn Miljøkraft AS	72,6 %	2 202 270	-76 478	1 753 400
Offerdal Kraftverk AS	10,0 %	26 805 498	-204 230	2 710 400

Selskap ført etter egenkapitalmetoden i konsernrekneskaper	Seimsdal Kraft AS	Bluetec Vest AS	Sogn Kompetanse AS	Sum
Inngående balanse 01.01.2022	3 156 942	138 281	0	3 295 223
Nedskrivningar	0	0	0	0
Andel årets resultat	4 792 685	-275 296	0	4 517 389
Overføringar til selskapet (utbytte)	-6 118 500	0	0	-6 118 500
Tilgangar	0	555 000	200 000	755 000
Vurderingsskilnader	1 020 000	-303 995	0	716 005
Utgående balanse 31.12.2022	2 851 127	113 990	200 000	3 165 117

Note 11 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i morselskapet består av:	Antall	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	100	290 000	29 000 000

Selskapet er 100 % eigd av Årdal kommune.

Notar til rekneskapen 2022

Note 12 Eigenkapital

Morselskap	Aksje- kapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Udekt tap	Sum
Eigenkapital 01.01.2022	29 000 000	74 478 768	-2 170 253		101 308 515
Tilleggsutbytte			-4 600 000		-4 600 000
Avsett utbytte			-15 000 000	0	-15 000 000
Årsresultat			41 030 394		41 030 394
Eigenkapital 31.12.2022	29 000 000	74 478 768	19 260 141		122 738 909

Konsern	Aksje- kapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Minoritet	Sum
Eigenkapital 01.01.2022	29 000 000	74 478 768	10 742 970	11 274 809	125 496 547
Tilleggsutbytte			-4 600 000		-4 600 000
Avsett utbytte			-15 000 000		-15 000 000
Årsresultat			52 013 201	331 256	52 344 458
Bokføring av pensjonsforpliktingar			-5 730 225		-5 730 225
Andre endringar			1 504 552	-7 005	1 497 547
Eigenkapital 31.12.2022	29 000 000	74 478 768	38 930 498	11 599 060	154 008 331

Note 13 Lån, pantstilling og garantiar mv.

Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:

Morselskap			Konsern	
2021	2022		2022	2021
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	36 830 030	7 100 000

Gjeld som er sikra ved pant ol:

Morselskap			Konsern	
2021	2022		2022	2021
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	43 212 880	22 140 594

Bokført verdi av pantsette egedelar:

Morselskap			Konsern	
2021	2022		2022	2021
0	0	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
0	0	Anlegg under utføring	0	0
0	0	Linjer/infrastruktur/overføringsanlegg	115 874 099	46 357 096
0	0	Driftsutstyr og inventar	3 567 200	4 520 500
0	0	Kundefordringar	38 238 180	593 915
0	0	Sum	157 679 479	51 471 511

Covenants mv:

Lån som er sikra ved pant ligg i Straumnett AS og Årdalsnett AS. Banken stiller krav for Årdalsnett AS at bokført eigenkapital i dette selskapet til ei kvar tid skal utgjere minst 25 % av balanseførte egedelar. Vidare skal Årdal Energi Holding AS ha eigarandel på minst 50 %.

Notar til rekneskapen 2022

Note 14 Mellomverande med dotterselskap

	2022	2021
Andre kortsiktige fordringar	51 299 186	55 427 356
Langsiktig gjeld	0	0
Leverandørgjeld	0	0
Anna kortsiktig gjeld	10 069 500	4 005 000
Sum	41 229 686	51 422 356

Note 15 Bankinnskot

Morselskap			Konsern	
2021	2022		2022	2021
9 423	16 920	Bundne skattetrekksmidler	1 050 900	946 594